



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
10.05.2018
Dykkar dato
10.04.2018

Vår referanse
2017/845 561
Dykkar referanse
16/6897

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale til rapport om forprosjekt med flaumluke som grunnlag for vidare flaumsikringsarbeid i Opo

Forprosjekt om flaumluke i Sandvinvatnet gir grunnlag for vidare planlegging av tiltak som kan sikre områda kring Sandvinvatnet og Opo mot framtidige flaumar.

Lukealternativet vil vere langt mindre konfliktylt for vassdragsnaturen enn bygging av flaumkraftverk, særleg for landskap, naturmangfald, anadrom fisk, friluftsliv og reiseliv. Ein må difor vurdere om vilkåra for å opne for kraftutbygging i det verna vassdraget er til stades.

Fylkesmannen viser til rapport frå Multiconsult dagsett 9. april 2018 basert på oppdrag frå NVE om å utarbeide eit forprosjekt for bygging av ei flaumluke i Sandvinvatnet.

Prosjektet viser bygging av ei flaumluke på austsida av utløpet til Sandvinvatnet, ein kanal på 270 meter, der botnen av kanalen ligg på kote 82, fem meter under normal vasstand. Luka vil kunne hindre nye skader langs Opovassdraget, rundt Sandvinvatnet, oppstraums innlaupsosen og i Storelvi. Vatnet kan senkast med 0,6 til 1,3 meter og er dimensjonert for å unngå flaumar opp til 200-års intervall, men vil og ha verdi ved mindre og sjeldnare flaumar. Luka vert konstruert for at den kan opnast gradvis ved flaumvarsel. Dette gjer at ein kan senke vatnet i forkant av ein flaumtopp. Saman med dei tiltaka som alt er utført vil luka kunne hindre nye flaumskadar som i 2014, og vil kunne gi betre sikkerheit ved framtidig klimaendring.

Kostnaden ved å bygge ei flaumluke vil særleg vere avhengig av grunntilhøva i anleggsområdet, men vil truleg ligge mellom 80 til 115 millionar kroner. Eit slikt anlegg må driftast av ein anleggseigar. Konsulenten har ikkje vurdert samla samfunnsøkonomisk verdi av tiltaket, men uttaler at bygging av flaumluka har potensial for å bli eit godt tiltak saman med det sikringsarbeidet som NVE alt har utført i området i etterkant av flaumen i 2014.

Det er utført ei forundersøking av vassmiljøet ved utløpet av Sandvinvatnet for å kartleggje habitat, botndyr og fisk ved utløpet. Etter konsulenten sin vurdering vil dei negative verknadene på vassmiljøet bli marginale dersom perioden for nedtappinga vert kortvarig. Dersom nedtappinga startar en stund før flaumen oppstår kan det gi verknader i strandsona rundt Sandvinvatnet. Det kan påverke produksjonen av næringsdyr til den anadrome delen av Opo, og slik også gi negative verknader på yngel nedstraums Eidesfossen.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til dei utgreiingane som er lagt fram. Slik vi les rapportane er det mogleg å byggje flaumluke, som saman med allereie utførte sikringstiltak vil vere effektiv ved nye flaumar. Forprosjektet gir etter vårt syn grunnlag for vidare planlegging av aktuelle flaumsikringstiltak i området.

Flaumsikring ved lukealternativet gjer at vassføringa i elva ikkje får ein totalt endra karakter, og ein vil unngå dei store negative verknadene som er knytt til bygging av kraftverk, jf. vår uttale til konsesjonssøknad for bygging av Opo flaumkraftverk i brev av 22. februar 2018. Her har vi gjennomgått konfliktpunkt for landskap, friluftsliv, reiseliv, anadrom fisk og anna naturmangfald og forureining.

I delrapporten om vassmiljø går det fram at ein kan gjere tiltak i elveløpet som bidrar positivt til fisken sin overleving og oppgang i elva. Dei landskapsmessige verknadene vil vere avgrensa til området ved utløpet av Sandvinvatnet. Vidare vil val av eit lukealternativ gjere at investeringane til varig flaumvern som er utført som strakstiltak etter 2014 er til vesentleg samfunnsnytte.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner det ligg føre fagleg grunnlag for å finne betre alternativ til kraftutbygging i Opo. Lukealternativet vil vere langt mindre konfliktfylt for vassdragsnaturen, særleg for landskap, naturmangfald, anadrom fisk, friluftsliv og reiseliv. Fylkesmannen har tidlegare vist til at kraftutbygging vil føre til at verneverdiane i vassdraget vert vesentleg råka. Ein må difor vurdere om vilkåra for å opne for kraftutbygging i det verna vassdraget er til stades.

Forprosjektet om flaumluke i Sandvinvatnet gir grunnlag for at Odda kommune i samarbeid med relevante etatar kan arbeide vidare med planlegging av tiltak som i tilstrekkeleg grad kan sikre områda kring Sandvinvatnet og Opo ved framtidige flaumar.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN